



Skodje sogelag

Referat frå årsmøtet 2017.

Tid: Måndag 6. mars 2017 kl. 19.00.

Stad: Gomerhuset (biblioteket).

Desse møtte:

John Hauge, Olav S. Svorte, Bjørn Nedreskodje, Magne Fylling, Mikal Skodjereite, Torbjørn Vadset, Arve Berg, Lars Hjelme, Kåre Beite, Bente Nybøen, Kristen Midtlid, Harald Honningdal, Kjell Sindre Tysse, Norunn Heggebakk Steinnes, Edmund Hofseide, Kari Kvernberg (gjest) og Bodil Grindvik Uri

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling til årsmøte har lagt på Sogelaget sine heimesider i 14 dagar, annonse i Bygdebladet 28. februar og 3. mars, e-post ut til alle som har informert oss om det og brev ut til dei som ikkje har e-post.

Merknad frå ein i årsmøtelyden; For lita tid til å sette seg inn i ei så viktig sak som Kultur- og bygdesoge, og dessutan stod ikkje dette som årsmøtesak i innkallinga.

Årsmøtelyden godkjente innkalling og sakliste.

2. Val av ordstyrar og referent.

Styret sitt framlegg om ordstyrar Kåre Beite og referent Bodil Grindvik Uri vart godkjent.

3. Historisk program

Kultur- og bygdehistorie / allmennsoge for Skodje.

- Ei arbeidsgruppe oppnemnt av sogelaget og kommunen har lagt fram prosjektskisse for allmennsoge for Skodje, som beskriv vår historie frå istid til notid. Prosjektet vart presentert på årsmøtet.
- Årsmøtet skal godkjenne om vi skal realisere prosjektet i samarbeid med Skodje kommune.
- Kåre beite og Magne Fylling orienterte årsmøtelyden om prosjektet.
- Det vart høve til å stille spørsmål og kome med innspel.
- Høgskulen i Volda vert arbeidsgjevar for dei som skal arbeide med prosjektet.
- Det vert oppretta ei bygdeboknemnd under Sogelaget.
- Ein understrekar at det er viktig å ha arbeidsgruppe med representantar frå alle bygdelag i kommunen.
- Det er eit stort økonomisk løft for Sogelaget/Kommunen, men det er viktig å gjere det no ,før ein vert slått saman med mange andre kommunar.
- Dei som ynskjer å kome med innspel om kva tidsperiode/ epoke som er viktig å ha med, må gjerne kome med innspel til Sogelaget. Ikkje fastlåst kva som skal vere med.
- Svært viktig med bildemateriale.
- Kostnadsrekna til 5 mill. + mva.
- Framdrift for prosjektet; 6.mars Årsmøte i Sogelaget, 8.mars Formannskapet, 22.mars Kommunestyret.



Skodje sogelag

Einstemmig vedtak i forhold til tilrådinga:

- 1. Årsmøtet i Skodje sogelag vedtek å realisere allmennsoge for Skodje, jf. prosjektskisse 16.02.17 frå arbeidsgruppa oppnemnt av kommunen og sogelaget.**
- 2. Årsmøtet viser til finansieringsplanen i prosjektskissa, og godkjenner å bruke av kapitalfondet til å dekke sogelagets kostnader.**
- 3. Årsmøtet tek atterhald om at Skodje kommunestyre vedtek medverknad og løyving av tilskot til prosjektet i samsvar med innstillinga.**

4. Årsmelding for 2016 vart gått gjennom/lest opp.
Merknader; Honnør til dei som driv med å sikre bildemateriale for framtida, dei gjer eit svært viktig arbeid.

Godkjent slik den låg føre.

5. Rekneskap

Gjennomgang av rekneskapen, som viser underskot pga. føringar av utgifter for trykking av årsskrift 2015 i rekneskapen for 2016.
Stette Data fører rekneskapen for Sogelaget, og dermed vart revisoren vår inhabil.
Lars Hjelme tok på seg å revidere rekneskapen.
Revisjonserklæring vart lesen opp.

Rekneskapen vart godkjent slik den låg føre.

6. Medlemskontingent

Framlegg frå styret om å auke årskontigenten til kr.250,- for 2017

Einstemmig vedtatt.

7. Budsjett

Budsjettframlegg vart lagt fram med utgangspunkt i rekneskapen for 2016

Einstemmig vedtatt.

8. Årsplan 2017 (Til orientering).

Styremøte: 7 faste styremøte. Styret fastset datoar.

Årsmøte: 6. mars 2017 kl. 19.00.



Skodje sogelag

Aktivitetar	Kontakt	Merknadar
Heimeside	Harald Honningdal, Knut Berg	
Gamle bilete	Harald Honningdal	
Slektshistorisk arbeid	Kjell Sindre Tysse	Samarbeid Skodje bibliotek.
Skodjedagane	Styret	
Bygdevandring	Styret	
Prosjekt		
Årsskrift	Styret	
Kvennabakken	Kåre Beite	
Arkeologiske kulturminne	Styret	Samarbeid Skodje kommune
Kultur- og bygdehistorie / almennsoge for Skodje	Styret / Eiga nemnd	

Der styret står oppført som kontakt kan styret velje å evt. oppnemne kontaktperson.

9. Val

Valnemnda v/Lars Hjelme la fram sitt forslag:

Leiar: Kjell Sindre Tysse
for 1 år

Styremedlemer: Harald Honningdal (attval)
for 2 år Einar Lillebø (ny)

Styremedlemer som ikkje er på val:
Bodil Grindvik Uri
Kristen Midtlid

Varamedlem: 1. Bente Nybøen (attval)
for 1 år 2. Edmund Hofseide (attval)
3. Solfrid Viset (attval)

Revisor: Torill Berg (ny)
for 1 år

Valnemnd etter forslag frå styret;
for 1 år Solfrid Viset (attval)
Lars Hjelme (attval)
Kåre Beite (ny)



Skodje sogelag

Alle val var einstemmig.

10. Innkomne saker

- Brev om Stavsetskulen v/Kari Støren.
- Årsmøtet vart orientert om saka og brevet har medlemmane fått som saksvedlegg.
- Styret sitt framlegg til vedtak vart lest opp; **Årsmøtet ser på denne saka som ei styresak, og viser til e-post frå leiar, Kåre Beite til Kari Støren den 1. mars 2017.**

Einstemmig vedteke slik saka låg føre.

**Bodil Grindvik Uri
-referent-**